

N O T A T

KOMMENTARAR VEDRØRANDE SIKRINGSTILTAK KNYTT TIL PLAN-  
LAGD BUSTADFELT TRONDTEIGEN - UTLADAL - ÅRDAL KOMMUNE

Viser til tidlegare rapport herfrå dagsett 8.2.1979:  
"Vurdering av skredfare ved Volldal-Bustadfelt DALEN  
II". Bustadfeltet er seinare gitt nytt namn TROND-  
TEIGEN.

I tilknytning til Utbyggingsavdelinga si handsaming av  
reguleringsplanen for Trondteigen, vil ein leggja fram  
følgjande kommentarar.

Ein vil gjerne presisere at Trondteigen ligg på skred-  
truga område. Dersom det i kommunen ellers hadde vore  
rikeleg tilgang på eigna tomtefelt, ville ein i det heile  
ikkje gått inn på ei vurdering av Trondteigen som alter-  
nativt bustadområde.

Det ligg føre to alternative utnyttingar av tomteområdet.  
Det eine gjeld felt I og II. Det andre er redusert til  
berre å gjelda felt I.

I framlegg til reguleringsplan frå Årdal kommune, er begge  
dei to felt tatt med.

1. Uansett grad av utnytting som det vert lagt opp til for  
Trondteigen, vil ein rå til at Bøskreda vert sikra i  
toppen av skredvifta ved bortsprenging av terskel. (D).  
Sprengsteinen må takast bort frå elva og leggjast som  
ein voll på austsida av elvefaret, frå toppen av vifta  
og ca. 50m nedetter.  
Ein må syte for at ingen del av sprengsteinen vert plas-  
sert på vestsida av bekkfaret. Det vil gje negativt  
utslag for tryggleiken i bustadfeltet.
2. Etter kommunen sitt framlegg, er det lagt opp til ein  
sikringsvoll A-B-C. Vollen mellom A og B er meint å ta  
seg av moglege flaum og mindre flaumskred frå Prestteig-  
bekken. Denne synest tilfredsstillande konstruert i fram-  
legget.

Vollen mellom B og C er meint som sikring mot Prestteig-  
bekken og mot snø- og vasskred frå Bøskreda. Vollen  
synest lite markert i terrenget med slakk skråning mot  
Bøskreda.

Ein vil derfor rå til at for å gjera vollen meir effektiv  
som sikringsvern, bør skråninga mot vest vera 45° eller  
meir (brattare).

3. Vollen mellom B og C kan reduserast til berre å gjelda  
flaumsikring, dersom sjølve Bøskreda vert sikra med ein  
voll frå punkt D (toppen av skredvifta) og 250-300 m



nedover langsmed austsida av elvefareet. Dette vil truleg vera den måten som gir størst tryggleik mot skred i bustadfeltet.

4. Når det gjeld sikring av eit redusert utbyggingsområde, felt I, vil ein god del av dei sikringselementa som alt er nemnd, vera med. Dette gjeld sprengning av terskel ved punkt D med 50m sikringsvoll.

Det er tvilsamt om sikringsvoll A-E i heile si lengd kan dimensjonérast berre mot flaum og mindre flaumskred frå Prestteigbekken. Vestlege delar bør også konstruérast med tanke på sikring mot Bøskreda.

Leikanger, 28.12.1979

Bjørn Falck Russenes  
fylkesgeolog